



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

AUD-rapport nr. 13-18

Spørjeundersøking om pendling inn og ut av Alver

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Regionalavdelinga

Forfattar: Lasse Kolbjørn Anke Hansen, spesialrådgjevar (lasse.hansen@hfk.no)

For fleire rapportar frå HFK: <https://www.hordaland.no/aud-rapportar>

Dato: 7. august 2018

Forsidebilete: Stanley Hauge, HFK.

INNHALD

FIGURLISTE	4
ORDLISTE	5
SAMANDRAG	6
Mangel på relevante jobbar og ønske om å bli buande viktigaste motivasjon for pendling.....	6
Betre karrieremoglegheiter, høgare lønn og større fagmiljø kan lokke pendlarar til å heller jobbe i heimkommunen.....	6
Sikker jobb til seg sjølv og jobb til partner kan få innpendlarar til å flytte til Alver.....	6
Lågare bompengar og auka kapasitet på vegnettet vil forenkle kvardagen til pendlarane.....	7
1: INNLEIING	8
2: METODE	9
Undersøkinga sin populasjon, bruttoutval og nettoutval	9
Populasjon, bruttoutval og distribusjon.....	9
Nettoutvalet av utpendlarar (responsrate).....	9
Nettoutvalet av innpendlarar (responsrate).....	10
3: RESULTATA FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGANE	11
Innleiande spørsmål	11
Motivasjonar for pendling	13
Mangel på relevante jobbar.....	13
Ønskje om å bli buande.....	15
Andre arbeidsrelaterte motivasjonar.....	15
Plassrelaterte motivasjonar.....	15
Internpendlarane.....	15
Andre motivasjonar for pendling.....	16
Kva skal til for å heller jobbe i heimkommunen	16
Kva skal til for at innpendlarane heller flyttar til Alver	18
Korleis gjere kvardagen til pendlarar enklare	19
Fordeler og ulemper knytt til pendlinga.....	20
Reisen mellom bu- og arbeidsstad	20
Hovudtransportmiddel.....	20
Korleis få større del av pendlinga over på kollektiv.....	21
Korleis auke delen som går eller sykklar.....	23
3: BAKGRUNNSINFORMASJON OM RESPONDENTANE	24
Utpendlarar	24

Bustadkommune.....	24
Kjønn	24
Arbeidskommune.....	24
Innpendlarar	25
Bustadkommune.....	25
Kjønn	25
Arbeidskommune.....	26
Utdanningsnivået til pendlarane	26
Kva næringar jobbar pendlarane innan	27
4: FIGURVEDLEGG	29

Figurliste

Figur 1: Lengde på pendlarstatus - ut- og innpendlarar	11
Figur 2: Del av innpendlarane som har budd i Alver	11
Figur 3: Stillingsprosent - ut- og innpendlarar	12
Figur 4: Dagpendling - ut- og innpendlarar.....	12
Figur 5: Del innan kvar næring som pendlar grunna ingen relevante jobbar (kun næringar >20 respondentar	13
Figur 6: Motivasjon for pendling	14
Figur 7: Kva skal til for at utpendlarane heller jobbar i heimkommunen	16
Figur 8: Del som oppgir at betre karrieremoglegheiter kan få dei til å slutte å pendle, delt etter næring (kun næringar >50 respondentar inkludert)	17
Figur 9: Del som ville jobba i heimkommunen på same vilkår om mogleg	18
Figur 10: Kva skal til for at innpendlarane heller flyttar til Alver	19
Figur 11: Kva kan gjere kvardagen til pendlarar enklare.....	20
Figur 12: Hovudtransportmiddel for reisa mellom bu- og arbeidsstad	21
Figur 13: Tiltak for å få pendlinga over på kollektiv	22
Figur 14: Korleis auke delen som går eller sykklar	23
Figur 15: Bustadskommune for nettoutvalet og responsrate per kommune - utpendlarar.....	24
Figur 16: Kjønnfordeling i nettoutvalet og responsrate per kjønn - utpendlarar	24
Figur 17: Arbeidskommune for brutto- og nettoutvalet - utpendlarar	25
Figur 18: Arbeidskommune for brutto- og nettoutvalet - innpendlarar.....	26
Figur 19: Høgaste fullførte utdanning i nettoutvalet - utpendlarar og innpendlarar.....	27
Figur 20: Næring for nettoutvalet - ut- og innpendlarar	28
Figur 21: Hovudaktivitet utpendlarar (nettoutval før kontrollspørsmål)	29
Figur 22: Pendlar respondenten?	29

Figur 23: Bruk av heimekontor	29
Figur 24: Kombinere arbeidsreisa med andre gjeremål	29
Figur 25: Del av utpendlarar som oppgir større fagmiljø som motivasjon, dei fem næringane med høgast del (berre næringar >=50 respondentar)	30
Figur 26: Del av utpendlarar som oppgir meir spennande/fagleg utfordrande jobbar som motivasjon, dei fem næringane med høgast del (berre næringar >=50 respondentar)	30
Figur 27: Del av utpendlarar som oppgir betre lønn som motivasjon, dei fem næringane med høgast del (berre næringar >=50 respondentar)	30

Ordliste

Alver: vi nyttar Alver som samleomgrep for kommunane Meland, Lindås og Radøy. Dei vil frå 1.1.2020 slå seg saman til Alver kommune.

Populasjon: kven skal undersøkingane omfatte. Dette er alle som kunne fått undersøkinga dersom alle var tilgjengelege for oss. I vår tilfelle er det alle som pendlar inn og ut av kommunane i Alver.

Bruttoutval: blir avleia frå populasjonen og er dei som faktisk får tilsendt undersøkinga.

Nettoutval: betyr vanlegvis dei som faktisk har svart på undersøkinga. I vårt tilfelle har vi med nokre kontrollspørsmål for å sikre at respondentane faktisk er relevante, slik at når vi snakkar om nettoutval meiner vi alle som har svart på undersøkinga, unntatt dei som fell vekk som følge av kontrollspørsmåla. Nettoutvalet er altså alle som har gitt svar som dannar grunnlaget for analysen.

Responsrate: kor mange av dei som har fått tilsendt undersøkingane som har svart.

Utpendlar: alle som bur i ein av kommunane i Alver og jobbar i ein annan kommune.

Innpendlar: alle som jobbar i ein av kommunane i Alver, men bur i ein kommunane utanfor Alver.

Internpendlar: alle som bur i ein av kommunane i Alver og jobbar i ein av *dei andre* kommunane i Alver. Desse har fått same spørjeskjema som andre utpendlarar og svara deira er handsama saman med dei, men i nokre tilfelle skil dei seg frå resten og då er dette omtalt.

Samandrag

I forlenginga av ein registerstudie av pendlarane til og frå kommunane i Alver har Hordaland fylkeskommune på oppdrag frå kommunane gjennomført to spørjeundersøkingar; ein til dei som pendlar ut frå kommunane (utpendlarar) og ein til dei som pendlar inn (innpendlarar). Målet har vore å framskaffe meir informasjon om kven pendlarane er, kvifor dei pendlar og kva tiltak som kan gjere kvardagen deira enklare.

Undersøkingane blei sendt til 5 537 utpendlarar og 1 791 innpendlarar. Responsraten er på høvesvis 37 % og 25 %. Gjennom ei rad kontrollspørsmål endte vi opp med eit nettoutval på 1 809 utpendlarar og 415 innpendlarar, som dannar grunnlaget for resten av analysen.

Mangel på relevante jobbar og ønske om å bli buande viktigaste motivasjon for pendling

Spørjeundersøkingane viser at mangel på relevante jobbar er den vanlegaste motivasjonen for pendling blant dei som pendlar ut frå Alver, samtidig som det ikkje i same grad motiverer dei som pendlar inn til kommunane. Ein nesten like vanleg motivasjon er ønsket om å bli buande der ein bur, noko som også er den klart mest motiverande faktoren for innpendlarane. Det tyder på at pendlinga kan vere ei løysing på ein situasjon kor relevante jobbar ikkje er tilgjengeleg i heimkommunen, men kor arbeidstakaren ikkje ønskjer å flytte på seg.

Samstundes viser også undersøkingane at dei fleste pendlarane har pendla i lengre tid, slik at det ikkje berre er ei midlertidig løysing. På den andre sida svarar også nesten tre firedelar av dei som pendlar ut av Alver at dersom dei kunne jobba med det same som dei gjer no, på same vilkår, i heimkommunen, så ville dei føretrekt det framfor pendling.

Betre karrieremoglegheiter, høgare lønn og større fagmiljø kan lokke pendlarar til å heller jobbe i heimkommunen

For at dagens utpendlarar heller skal jobbe i heimkommunen, er det enkelte arbeidsrelaterte vilkår som må oppfyllest: nesten halvparten svarar at det då må vere betre karrieremoglegheiter innan deira fagfelt. Dette gjeld spesielt pendlarar innan næringar som bank og forsikring, informasjon og kommunikasjon, og fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting. Betre lønn er ein annan viktig faktor, spesielt i næringar som bygg og anlegg, utvinning av olje og gass og tenester knytt til dette, helse og sosial, samt undervisning. I offentleg administrasjon, inkludert NAV og politiet, er derimot ønsket om større fagmiljø ein viktigare føresetnad for å ta seg jobb i heimkommunen. Generelt er andre alternativ, som høgare stillingsprosent, moglegheit for å kombinere jobb og vidareutdanning og betre handels- og fritidstilbod, ikkje like viktige.

Sikker jobb til seg sjølv og jobb til partner kan få innpendlarar til å flytte til Alver

Blant innpendlarane til Alver svarar 66 % at dei ikkje vil flytte til kommunen dei jobbar i uansett. Samstundes er 35 % av innpendlarane frå Bergen og 44 % av innpendlarane frå Austrheim ikkje avvisande til tanken om å flytte til Alver. Det som må til for at dagens innpendlarar skal flytte til Alver er spesielt at dei blir sikra jobb/karriere i lang tid framover og at partnaren deira også får seg jobb der.

Lågare bompengar og auka kapasitet på vegnettet vil forenkle kvardagen til pendlarane

To tredelar av utpendlarane og nesten fire av fem innpendlarar nyttar privatbil/-motersykkel for å kome seg på jobb. Uavhengig av transportmiddel er det lågare/ingen bompengar og auka kapasitet på vegnettet som er dei to desidert mest populære tiltaka for pendlarar, både ut og inn, som kan gjere kvardagen deira enklare.

Samstundes kan hyppigare buss- og snøggbåtagangar, kortare reisetid på kollektiv, fleire direktesamband og rimelegare kollektivtransport få fleire over frå bil til kollektiv. Mange peiker på at det ikkje går buss langs dei rutene dei reiser eller at bussen/båten ikkje går på dei tidspunkta dei reiser. For ein del er det også uaktuelt å nytte kollektiv fordi det tar for lang tid per i dag.

1: Innleiing

Hordaland fylkeskommune gjennomførte våren 2018 ein analyse av inn- og utpendlarane for Meland, Lindås og Radøy på oppdrag frå kommunane. Analysen nytta individdata for alle sysselsette som bur i ein av dei tre kommunane i Alver; Meland, Lindås og Radøy, i tillegg til alle som bur i andre kommunar på Vestlandet, men jobbar i ein av desse tre.¹

I forlenginga av den analysen har fylkeskommunen fått i oppdrag å gjennomføre spørjeundersøkingar ut mot pendlarane i desse kommunane for å kartleggje meir om kven dei er, kvifor dei pendlar og kva tiltak som kan gjere kvardagen deira enklare. Målet er ikkje ein representativ undersøking, men snarare ei kartlegging for å avdekke motivasjonar og behov hos pendlarpopulasjonen til bruk i vidare planlegging. Alle innspel er verdifulle i ein slik samanheng, og vi har ikkje nytta vektorer eller andre statistiske metodar for å gjere resultatene meir generaliserbare. Vi vil derfor heller ikkje nytte tid på å samanlikne respondentane med populasjonen av pendlarar identifisert i registerstudien.

Denne rapporten presenterer hovudfunna frå desse spørjeundersøkingane. Kommunane kan få tilgang til meir detaljert data ved å kontakte Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Kapittel 2 er eit metodekapittel som gjør greie for undersøkinga sin metodikk, inkludert populasjon, brutto- og nettoutval, responsrate og liknande.

Kapittel 3 presenterer hovudfunna frå undersøkinga. Her blir det gjort greie for kva motivasjonar pendlarane har, kva som skal til for at dei heller vil jobbe i heimkommunen, korleis pendlarkvardagen deira kan bli enklare, korleis dei kjem seg til og frå jobb og korleis ein kan auke bruken av kollektiv, sykkel og gange.

Kapittel 4 gir nøkkelinformasjon om respondentane: kor bur dei, kor jobbar dei, kva jobbar dei med, kor lang utdanning har dei, samt kjønnsfordeling

Kapittel 5 er eit figurvedlegg med figurar som viser resultatet på spørsmål som ikkje er med i kapittel 2.

¹ Sjå AUD-rapport nr. 2-18: «Pendlingsanalyse for Meland, Lindås og Radøy», <https://bit.ly/2G4ZFps>.

2: Metode

UNDERSØKINGA SIN POPULASJON, BRUTTOUTVAL OG NETTOUTVAL

Populasjon, bruttoutval og distribusjon

Populasjonen for undersøkinga var alle som pendlar ut eller inn av kommunane Meland, Lindås og Radøy (frå 1.1.2020: Alver kommune). Det blei sendt ut to separate spørjeskjema til desse gruppene: Eit til utpendlarar og eit til innpendlarar. Sjølv om desse var relativt like med mange samanfallande spørsmål er det også nokre viktige skilnader. Begge er tilgjengelege hos Seksjon for forskning, internasjonalsisering og analyse i Hordaland fylkeskommune.

Respondentlistene blei bygd opp med utgangspunkt i individdatafilene vi fekk utlevert i samband med registerstudien av pendlarane som er presentert i AUD-rapport nr. 2-18. Etter løyving frå Skatteetaten fekk vi utlevert mobilnummeret til alle personane i individdatasettet, gitt at dei har mobilnummer registrert i Folkeregisteret.

Det var til saman 10 166 pendlarar i individdatasettet.² Av desse var 7 576 utpendlarar og 2 590 innpendlarar. Dette er undersøkinga sin *populasjon*. Sidan det er ein del som ikkje er registrert med mobilnummer blei undersøkingane sendt til 5 537 utpendlarar og 1 791 innpendlarar. Det er 73 % av utpendlarane og 69 % av innpendlarane. Dette er undersøkinga sitt *bruttoutval*.

1795 personar pendlar mellom dei tre kommunane i Alver (vi kallar dei her for *internpendlarar*). Desse har fått spørjeundersøkinga for utpendlarar, er inkludert i resultatata for denne gruppa og er medrekna i dei 7 576 utpendlarane.

Datainnsamlinga blei gjennomført elektronisk ved at respondentane fekk ein SMS med ei unik lenke til sitt skjema.

Nettoutvalet av utpendlarar (responsrate)

1 961 utpendlarar gjennomførte undersøkinga. Vidare er det 141 som har gitt nokre svar. Ein god del av desse har berre svara på nokre få av dei første spørsmåla og kan soleis ikkje reknast med. Samstundes er det 59 personar som ikkje har fullført heile undersøkinga, men gitt såpass mange svar at vi vel å inkludere deira svar for å få eit størst mogleg datatilfang. Det betyr altså at vi har 2 020 respondentar blant utpendlarane som har gitt svar på heile eller store delar av undersøkinga. Det gir ein svarprosent på 37 % målt mot bruttoutvalet. Dette reknar vi som bra for ei slik stor undersøking.

² Merk at dette er vekta tal oppføringar i individdatasettet, som sikrar at kvar person berre teljast éin gong, sjølv om dei er oppført med meir enn eitt arbeidsforhold. Sjå metodevedlegget i AUD-rapport nr. 2-18 for meir informasjon.

Innleiingsvis stilte vi nokre kontrollspørsmål for å sjekke at dei som har fått undersøkinga faktisk er i målgruppa. Av dei 2062 som har svart på spørsmålet, har 1 939 yrkesaktivitet som sin hovudaktivitet (sjå Figur 21), og vidare er det 1 848 av desse som har sin hovudarbeidsplass i ein annan kommune enn der dei bur (sjå Figur 22). Av desse igjen er det 1 809 som har svart på nok spørsmål til at vi tar dei med vidare i analysen. Det er desse vi omtalar som *nettoutval* i undersøkinga.

Grunnlaget for vidare presentasjon av resultat frå utpendlarundersøkinga er altså basert på svar frå 1 809 respondentar, som er 33 % av bruttoutvalet og 24 % av populasjonen.

Nettoutvalet av innpendlarar (response rate)

446 utpendlarar gjennomførte undersøkinga. Vidare er det 25 som har gitt nokre svar. Ein god del av desse har berre svara på nokre få av dei første spørsmåla og kan såleis ikkje reknast med. Samstundes er det 9 personar som ikkje har fullført heile undersøkinga, men gitt såpass mange svar at vi vel å inkludere deira svar for å få eit størst mogleg datatilfang. Det betyr altså at vi har 455 respondentar som har gitt svar på heile eller store delar av undersøkinga. Det gir ein svarprosent på 25 % målt mot bruttoutvalet.

Det er ein del lågare svarprosent hos innpendlarane enn blant utpendlarane, men det er ikkje uventa at innpendlarane har mindre tilbøyelegheit til å svare på undersøkinga. Mange føler nok ikkje same tilhørsle til kommunen dei jobbar i som dei som bur der.


Innleiingsvis stilte vi nokre kontrollspørsmål for å sjekke at dei som har fått undersøkinga faktisk er i målgruppa. Av dei 470 som har svart på spørsmålet jobbar 438 i anten Meland, Lindås eller Radøy utan at dei bur i ein av dei. Av desse igjen er det 415 som har svart på nok spørsmål til at vi tar dei med vidare i analysen. Dette er *nettoutvalet av innpendlarar* i undersøkinga.

Grunnlaget for vidare presentasjon av resultatata frå innpendlarundersøkinga er altså basert på svar frå 415 respondentar. Dette er 23 % av bruttoutvalet og 16 % av populasjonen. Den relativt låge svarprosenten blant innpendlarane gjer at vi er usikre på i kva grad svara vi har fått representerer populasjonen av innpendlarar som heilskap. Samstundes er ikkje målet representativitet, men å få innspel og såleis har dei svara vi har fått uansett eigeverdi.

3: Resultata frå spørjeundersøkingane


I dette kapitlet presenterer vi resultata frå spørjeundersøkingane. For meir informasjon om respondentane, sjå kapittel 3.

INNLEIANDE SPØRSMÅL



Figur 1: Lengde på pendlarstatus - ut- og innpendlarar

Fleirtalet av respondentane har pendla lenge (sjå Figur 1). Over halvparten av utpendlarane har pendla i meir enn ti år, medan nesten halvparten av innpendlarane har pendla i minst 7 år. Utpendlarane har generelt pendla noko lengre enn innpendlarane, som moglegvis reflekterer at den relativt høge utpendlinga frå Alver starta tidligare enn innpendlinga. *Interpendlarane* (dei som pendlar mellom kommunar i Alver) skil seg ikkje i særleg grad frå dei som pendlar ut av Alver.




Figur 2: Del av innpendlarane som har budd i Alver

Ein firedel av innpendlarane som har svart på undersøkinga har tidlegare budd i ein av dei tre kommunane i Alver (sjå Figur 2). Eit klart fleirtal av desse har budd i Lindås. Dei fleste av innpendlarane som har budd i ein av kommunane tidlegare, jobbar i den kommunen no.


Opp mot eller over fire femdelar av respondentane har fulltidsstilling (sjå Figur 3). Delen er litt høgare blant utpendlarane. 92 % av utpendlarane og 85 % av innpendlarane har minst 75 %-stilling. Det kan tyde på at tilbøyelegheita for å pendle er mindre dersom stillingsprosenten er låg. Samstundes er det ein klar kjønnskilnad her: medan 96 % av mannlege utpendlarar som har svart på undersøkinga har fulltidsstilling, er tilsvarande for kvinner 68 %.³ Blant innpendlarane har 89 % av menn og 69 % av kvinner som har svart, 100 %-stilling.

Dei aller fleste pendlarane er dagpendlarar, som betyr at dei reiser mellom heimen og arbeidsstaden kvar dag. Dette er ikkje uventa, sidan dei aller fleste pendlar til eller frå kommunar i nærleiken av Alver. Samstundes er det ein del som *ikkje* dagpendlar også blant dei som jobbar i nabokommunane. Ein del av desse jobbar innan helse og sosial og det kan soleis tenkjast at dei jobbar skift med overnatting.

Det kan også vere ein del som har ordningar kor dei ikkje reiser inn til arbeidsstaden kvar dag, men heller nyttar heimekontor delar av arbeidstida. Utpendlarar som ikkje dagpendlar brukar heimekontor langt hyppigare enn dei som dagpendlar. For respondentane som heilskap er likevel ikkje heimekontor spesielt mykje brukt. 21



Figur 3: Stillingsprosent - ut- og innpendlarar



Figur 4: Dagpendling - ut- og innpendlarar

³ Denne differansen speglar til ein viss grad situasjonen i Alver, og for så vidt andre kommunar i fylket: kvinner jobbar i langt større grad enn menn deltid. I 2014, som er siste året vi har såpass detaljert statistikk frå SSB, jobba til dømes 40 % av sysselsette kvinner i Meland mindre enn 80 %, medan tilsvarande for menn var 13 %. Sjå tabell 09167 hos SSB, <https://www.ssb.no/statbank/table/09167/> [besøkt 6.8.2018].


% av utpendlarane nyttar heimekontor minst månadleg, mot 13 % av innpendlarane (sjå Figur 23 i figurvedlegget).

MOTIVASJONAR FOR PENDLING

Mangel på relevante jobbar og eit ønske om å bli buande der dei bur nu er dei to desidert vanlegaste årsakene til pendling for dei som pendlar ut frå kommunane i Alver (sjå Figur 6 på neste side). Nesten halvparten av respondentane har oppgitt minst ein av desse to som motivasjon for pendlinga.

Mangel på relevante jobbar


47 % av utpendlarane svarar at mangel på relevante jobbar er ein motivasjon for pendling. Samstundes er det skilnad mellom Alver-kommunane: mangel på relevante jobbar som motivasjon for pendling er spesielt utbreidd blant respondentane busett i Meland (53 %) og i Radøy (48 %), medan det i litt mindre grad gjeld busette i Lindås (41 %). Det er også interessant å merke seg at dette ikkje er ein spesielt utbreidd motivasjon blant innpendlarane til Alver (15 %).



Figur 5: Del innan kvar næring som pendlar grunna ingen relevante jobbar (kun næringar >20 respondentar)

Dersom vi bryt utpendlarane ned etter kva næring dei jobbar innan, finn vi stor variasjon i kva grad pendlarar innan ulike næringar svarar at mangel på relevante jobbar er ein av motivasjonane for pendling (sjå Figur 5). Fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting, overnatting og serveringsverksemd, bank og forsikring, samt informasjon og kommunikasjon er fire næringar kor minst 60 % av alle utpendlarane oppgir dette. På den andre sida er det 30 % av utpendlarane innan undervisning som oppgir det same.

Kva er årsaka(ne) til at du jobbar i ein anna kommune enn der du bur? (fleire svar mogleg)



Figur 6: Motivasjon for pendling

Ønskje om å bli buande

46 % av utpendlarane svarar at dei pendlar fordi dei ønskjer å bli buande der dei bur no. Det er ein større del av utpendlarane frå Lindås (47 %) og Meland (46 %) som oppgir dette som ein av motivasjonane for pendling enn blant ut utpendlarane frå Radøy (40 %).

Ønsket om å bli buande er også den vanlegaste motivasjonen for innpendlarar til Alver-kommunane (53 %), som mellom anna skuldast at 55 % av innpendlarane frå Bergen svarar dette.

Andre arbeidsrelaterte motivasjonar

Dei to motivasjonane over står i ein særklasse blant utpendlarane og blir svart av meir enn dobbelt så mange som den tredje vanlegaste motivasjonen, som er meir spennande/fagleg utfordrande jobbar/karrieremoglegheiter i andre kommunar (23 %). Denne motivasjonen heng nok til dels saman med mangel på relevante jobbar og to andre arbeidsrelaterte motivasjonar: større fagmiljø (22 %) og betre lønn (10 %).

Det er i stor grad pendlarar innan dei same næringane som kryssar av for desse jobbrelaterte motivasjonane, men med nokre unntak (sjå Figur 25, Figur 26 og Figur 27 i 4: Figurvedlegg). Varehandel, overnattings- og serveringsverksemd, transport og lagring, og industri har alle relativt høg del som pendlar grunna manglande relevante jobbar, men har ikkje tilsvarende høg del som kryssar av for at det er meir spennande jobbar/karrieremoglegheiter, betre lønn eller større fagmiljø i andre kommunar.

På den andre sida er meir spennande jobbar/karrieremoglegheiter og større fagmiljø relativt sett viktigare motivasjonar for utpendlarar innan næringar som primærnæringane og offentlig administrasjon enn mangelen på relevante jobbar.

Plassrelaterte motivasjonar

Som vi såg over er altså ønsket om å bli buande ein viktig motiverande faktor for både ut- og innpendlarar. Ein anna motivasjon relatert til bustaden som blir oppgitt av mange er at det er såpass kort å pendle at dei ikkje tenkjer spesielt over det (22 % av utpendlarar og 41 % av innpendlarar). Det er spesielt internpendlarane, saman med dei som pendlar *frå* Bergen til Alver-kommunane (men ikkje i like stor grad dei som pendlar motsett veg), og dei som pendlar mellom Alver-kommunane og Austrheim som svarar dette.

Elles svarar nesten ein femdel av utpendlarane at dei har flytta til Alver og ønskjer å behalde jobben der dei budde før, og 15 % av utpendlarar pendlar fordi dei ønskjer å bu nærare familie og venar. Andre faktorar, som lågare bustadprisar, tilgang på større bustadar og forhold knytt til familie blir oppgitt av 10 % eller færre av respondentane.

Internpendlarane

Mangel på relevante jobbar er mindre utbreidd som årsak til pendling blant internpendlarane, men framleis oppgir nær ein tredel dette som motivasjon. Den vanlegaste årsaka er likevel at det er såpass kort/enkelt å

pendle at dei ikkje tenkjer særleg over det (45 %), og nesten like mange seier at dei ønskjer å bu der dei bur no (43 %). Alle andre motivasjonar er det 12 % eller færre av utpendlarane som har kryssa av for.

Andre motivasjonar for pendling

Respondentane kunne også med eigne ord skrive meir utfyllande om kvifor dei pendlar. Det som går igjen bekreftar svara som er presentert over: dei finn ikkje relevante jobbar i heimkommunen eller dei får ikkje jobb når dei søker; dei har jobba lenge hos ein arbeidsgjevar i ein anna kommune og ønskjer ikkje slutte; det er så kort å pendle at dei ikkje tenkjer over det; eller at dei rett og slett har jobbar der dei ikkje ønskjer å jobbe same stad som dei bur.

KVA SKAL TIL FOR Å HELLER JOBBE I HEIMKOMMUNEN


Utpendlarane fikk spørsmål om kva som skal til for at dei heller vil jobbe i heimkommunen (sjå Figur 7) Nesten halvparten har svart at det da må vere betre karrieremoglegheiter innanfor deira fagfelt. Dette er i tråd med det vi fann over: mangel på relevante jobbar, samt meir spennande karrieremoglegheiter og større fagmiljø i andre kommunar, er blant dei vanlegaste motivasjonane for utpendling.



Figur 7: Kva skal til for at utpendlarane heller jobbar i heimkommunen

Samstundes er det skilnad mellom næringar. Som Figur 8 viser, er det klart flest innan bank og forsikring, informasjon og kommunikasjon, fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting, og i industrien som svarar dette. I alle desse er det meir enn halvparten som meiner at betre karrieremoglegheiter vil kunne få dei til å heller jobbe i heimkommunen.

Del innan kvar næring som kryssa av for at "**Betre karrieremoglegheiter innan mitt fagfelt**" på spørsmål om kva skal til for at du heller jobbar i heimkommunen



Figur 8: Del som oppgjer at betre karrieremoglegheiter kan få dei til å slutte å pendle, delt etter næring (kun næringer >50 respondentar inkludert)

I Figur 7 på førre side ser vi også at det er færre som svarar at større fagmiljø og betre lønn er viktig for dei. Samstundes er det nokre næringer kor delen som ønskjer betre lønn for å heller jobbe i heimkommunen nesten like stor som delen som ønskjer betre karrieremoglegheiter, spesielt innan bygg og anlegg, utvinning av olje og gass og tenester knytt til dette, helse og sosial, samt undervisning. I nokre andre næringer er ønsket om større fagmiljø meir framtreddande. Dette gjeld mellom annan innan helse og sosial, samt offentlig administrasjon (som inkluderer sosialforsikring (NAV), politiet og liknande).

Andre alternativ, som høgare stillingsprosent, moglegheit for å kombinere jobb og vidareutdanning og betre handels- og fritidstilbod, er ikkje like vanlege. 14 % eller færre har kryssa av for desse andre alternativa. Samtidig er det nokre næringer som skil seg ut: Ein større del av respondentane som jobbar innan helse og sosial og undervisning som ønskjer større stillingsprosent (høvesvis 22 % og 12 %), og dette er vanlegare blant kvinner (15 %) enn blant menn (6 %). Det er også skilnad mellom ulike næringer i delen som svarar at dei ikkje ønskjer å jobbe i heimkommunen uansett. Størst er delen blant dei som jobbar innan undervisning (21 %), offentlig administrasjon, inkludert sosialforsikring (NAV), politiet og liknande (20 %), samt helse og sosial (18 %). Det kan vere at tilsette innan desse felta ikkje ønskjer å jobbe med sakar knytt til menneske dei omgåast med på fritida, noko enkelte også har svart i kommentarfeltet. Det er også litt fleire kvinner (17 %) enn menn (11 %) som uansett ikkje vil jobbe i heimkommunen.

Dei 14 % som har kryssa av for anna og spesifisert andre motivasjonar for å heller jobbe i heimkommunen, har stort sett oppgitt spesielle forhold knytt til noverande arbeidsgjevar eller at dei rett og slett ikkje har fått jobb eller at relevant jobb ikkje finnast i heimkommunen.

68 % av utpendlarane frå Alver-kommunane svarar at dersom dei kunne ha jobba med det same som dei gjer no på same vilkår i heimkommunen, så ville dei har føretrekt det framfor å pendle til ein annan kommune (sjå Figur 9). Her er det eit skilje mellom *internpendlarane* og andre pendlarar: Medan halvparten av dei som pendlar internt i Alver gjerne kunne tenkt seg å jobbe i heimkommunen, er tilsvarande for dei som pendlar ut til andre kommunar 73 %.




Figur 9: Del som ville jobba i heimkommunen på same vilkår om mogleg

KVA SKAL TIL FOR AT INNPENDLARANE HELLER FLYTTAR TIL ALVER

To tredelar av innpendlarane svarar at dei ikkje ønskjer å flytte til Alver (sjå Figur 10). For ein del kommunar gjeld dette omtrent alle, medan det blant innpendlarane frå Bergen gjeld 65 % og frå Austrheim 56 %. Det betyr altså at 35 % av dei 291 innpendlarane frå Bergen til Alver, og 44 % av dei 41 pendlarane frå Austrheim som har svart på undersøkinga, ikkje er avvisande til å flytte til Alver, gitt at enkelte vilkår blir oppfylt.

Blant tilhøva som faktisk kan motivere respondentane som ikkje avviser å flytte til Alver, er det å vere sikra jobb/karriere i lang tid framover og at partner også får jobb i kommunen/regionen, det som flest har kryssa av for (høvesvis 13 % og 12 %). For pendlarane frå Bergen følgjer fordelinga alternativa om lag som i Figur 10, medan det blant innpendlarane frå Austrheim er en ein høgare del som ønskjer å vere sikra jobb i lang tid framover.

Blant innpendlarane til Alver svarar 37 % at dei på generelt grunnlag ville føretrekke å bu i kommunen dei jobbar i framfor å pendle frå ein annan kommune dersom dei fikk velje fritt.




Figur 10: Kva skal til for at innpendlarane heller flyttar til Alver

KORLEIS GJERE KVARDAGEN TIL PENDLARAR ENKLARE

Figur 11 viser at blant både ut- og innpendlarar er det lågare/ingen bompengar langs hovudinnfartsåra som er det tiltaket som klart flest meiner vil gjere deira pendlingskvardag enklare (59 % av utpendlarar og 68 % av innpendlarar). Delen som svarar at dette er blant dei tre viktigaste tiltaka er klart størst blant internpendlarane, samt dei som pendlar til andre deler av Hordaland utanom Bergen, Austrheim og Masfjorden, men også blant pendlarane til Bergen er det godt over halvparten (56 %) som kryssa av for dette. Samstundes svarar 69 % av dei som pendlar motsett veg, frå Bergen til Alver, at lågare eller ingen bompengar vil gjere pendlinga enklare for dei.

Dernest kjem auka kapasitet på vegnettet/hovudinnfartsåra (42 % av utpendlarar og 39 % av innpendlarar), hyppigare kollektivavgangar (33 % og 28 %), fleire direkteruter (32 % og 24 %) og betre innfartsparkering (16 % og 11 %). Det er altså forhold knytt til arbeidsreisa som i særleg grad kan forenkle kvardagen til pendlarane, medan andre forhold, som lengre opningstid i barnehagar/SFO, kortare avstandar frå bustad til skule/barnehage, og betre løysingar for heimekontor eller kontorfelleskap er det relativt få som har kryssa av for.

Dette går også igjen i kommentarfeltet knytt til svaralternativet Anna: pendlarane ønskjer lågare/ingen bompengar, betre vegar med høgare fartsgrense, fleire buss- og båtavgangar og nye ruter.



Figur 11: Kva kan gjere kvardagen til pendlarar enklare

Samstundes er det ein del skilnad mellom kjønna: Ein langt større del av dei mannlege utpendlarane ønskjer auka kapasitet på vegnettet (52 % mot 30 % av kvinner), medan kvinnene i noko større grad ønskjer kollektivsatsting i form av hyppigare avgangar og fleire direkteruter (på begge ligg kvinner 8-10 prosentpoeng over menn).

Fordeler og ulemper knytt til pendlinga

Respondentane fikk også moglegheit til å skildre fordelar og ulemper knytt til pendlinga med eigne ord. Det er to ting som går igjen hos svært mange: pendling er svært dyrt grunna bompengar og tar veldig mykje tid grunna kø, låg vegstandard og det mange oppfattar som lite hensiktsmessig veg- og kollektivplanlegging. Ein del peikar også på at slik det er i dag tar kollektiv fort to til tre gangar så lang tid som privatbil, sjølv med køar. Tidsbruken, uansett transportmiddel, gjer det også utfordrande for mange å få kvardagen til å gå opp med full jobb og henting i skule og barnehage.


Samstundes peiker respondentane på at moglegheita for å pendle gjer at dei kan ha interessante og relevante jobbar som elles ikkje er tilgjengeleg i heimkommunen.

REISEN MELLOM BU- OG ARBEIDSSTAD

Hovudtransportmiddel

To tredelar av utpendlarane og nesten fire av fem innpendlarar nyttar privatbil/-motersykkel for å kome seg på jobb (sjå Figur 12). Legg vi til dei som nyttar firmabil, er vi oppe i høvesvis 74 % og 80 %. Delen som nyttar

bil, anten privat- eller firmabil, er opp mot 90 % for alle som pendlar ut av Alver dersom vi ser vekk frå dei som jobbar i Bergen. Til fylkeshovudstaden er delen bilistar 67 %, medan det blant innpendlarane frå Bergen er 77 % som nyttar bil. På toppen kjem dei som nyttar ein kombinasjon av bil og kollektivtransport, til dømes gjennom å nytte innfartsparkering.



Figur 12: Hovudtransportmiddel for reisa mellom bu- og arbeidsstad

Blant utpendlarane er det 8 % som nyttar båt og like mange som nyttar buss for å kome seg på jobb. Delen som tek båt er langt lågare blant innpendlarane (3 %), medan bussdelen er noko høgare (10 %). I tillegg er det altså 4 % av utpendlarane og 2 % av innpendlarane som kombinerer bil og kollektiv.


Kvinner nyttar både privatbil og buss i større grad enn menn, medan menn i langt større grad nyttar firmabil.

Korleis få større del av pendlinga over på kollektiv

Det klart beste tiltaket for å få pendlarar til å nytte kollektivtransport er hyppigare bussavgangar (sjå Figur 13).⁴ Nesten halvparten av utpendlarar og over halvparten av innpendlarar kryssa av for dette. Samstundes er det en mindre del av utpendlarane til Bergen som har kryssa av for hyppigare bussavgangar, kanskje fordi det

⁴ Dei som alt nyttar kollektiv fekk spørsmål om kva som skal til for at dei held fram med dette, medan dei som ikkje nyttar kollektiv fekk spørsmål om kva som må til for at dei skal gjere det i framtida. Svaralternativa var dei same.

allereie er mange avgangar, medan det blant pendlarar til andre deler av fylket, inkludert internpendlarane, er langt høgare del som meiner hyppigare bussavgangar vil få dei over på kollektiv.



Figur 13: Tiltak for å få pendlinga over på kollektiv

Dernest kjem kortare reisetid, direkte ruter og rimelegare kollektivtransport. Resultata for desse er om lag like blant ut- og innpendlarar. Det er også relativt mange utpendlarar som svarar at hyppigare snøggbåtagangar kan få dei over på kollektiv, men blant dei som pendlar motsett veg er det langt lågare del som svarar dette.


Kva transportmiddel respondentane nyttar i dag har ikkje særleg påverknad på kva dei seier må til for å anten halde fram med å nytte kollektiv eller gå over til det frå bil.

Det som går igjen blant dei som har spesifisert andre tiltak enn dei som er lista i svaralternativ, er at det ikkje går buss langs dei rutene dei reiser eller at bussen/båten ikkje går på dei tidspunkta dei reiser. Ein del

understreker også at det er uaktuelt å reise kollektivt fordi dei treng bilen anten i jobben eller privat eller fordi kollektiv tar altfor lang tid for dei.

Korleis auke delen som går eller sykklar

Alle respondentar som ikkje nyttar sykkel eller gange som transportmiddel blei spurde om dei i større grad ville gå eller sykle heile eller delar av vegen dersom det blir lagt betre til rette for dette. Av dei 1 681 utpendlarane som fikk spørsmålet, svara 17 % ja. Tilsvarande for innpendlarane er 15 % av 386 respondentar. Internpendlarane og dei som pendlar mellom Alver og Austrheim er noko meir positive til å gå/sykle enn resten.



Figur 14: Korleis auke delen som går eller sykklar

Dei som svara at dei vil sykle eller gå meir med tilrettelegging, blei så spurde om kva som må til for at dei skal gjere dette (sjå Figur 13). Tryggare gang- og sykkelveggar er det desidert mest populære tiltaket, følgt av meir gang- og sykkelveg og betre vedlikehald av desse.

Det er ikkje markante skilnadar mellom pendlarar til og frå ulike kommunar i kva som kunne fått dei til å gå/sykle meir, med unntak av at blant utpendlarane til Bergen er fleire og meir samanhengande gang- og sykkelveggar nesten like viktig som tryggare sykkelveggar.

3: Bakgrunnsinformasjon om respondentane

Undersøkinga blei sendt til alle pendlarar identifisert i individdatasettet som har eit mobiltelefonnummer registrert hos Folkeregisteret.

UTPENDLARAR

Bustadkommune


I *bruttoutvalet* (dei som fekk undersøkinga, sjå Ordliste og Metode) var det 1 950 utpendlarar frå Meland, 2 614 frå Lindås og 950 frå Radøy. Responsraten var høgast i Radøy og Meland og noko lågare i Lindås (sjå Figur 15). Det gjer at fordelinga av respondentar i *nettoutvalet* (dei som har svart) er litt annleis enn fordelinga mellom kommunane i *bruttoutvalet*, med større del respondentar frå Meland og Radøy og mindre del frå Lindås.

Kjønn


Undersøkinga blei sendt til 2 266 kvinner og 3 248 menn. Kvinnene har ein del høgare responsrate enn menn og følgeleg er det større del kvinner blant dei som har svart enn det er i *bruttoutvalet*. Medan 59 % av dei som fekk undersøkinga er menn, utgjer menn 54 % av dei som har svart. Som nemnt innleiingsvis har vi ikkje veka svara etter slike skilnader, då målet ikkje er representativitet.

Arbeidskommune

Frå registerstudien veit vi at 3 840 av utpendlarane frå Alver jobbar i Bergen. Det er meir enn halvparten av alle utpendlarar frå desse tre kommunane. Dernest kjem pendling internt mellom kommunane i Alver.




Figur 15: Bustadskommune for nettoutvalet og responsrate per kommune - utpendlarar



Figur 16: Kjønnfordeling i nettoutvalet og responsrate per kjønn - utpendlarar

Som Figur 17 viser pendlar 62 % av dei som har svart til Bergen. Dette er langt høgare enn delen som pendlar denne strekninga i bruttoutvalet, som betyr at vi har ein overrepresentasjon av pendlarar til Bergen i våre svar. Igjen er ikkje dette noko vi har veka for, men det er viktig å vere klar over.



Figur 17: Arbeidskommune for brutto- og nettoutvalet - utpendlarar

INNPENDLARAR

Bustadkommune

I *bruttoutvalet* var 1 026 innpendlarar til Alver-kommunane busett i Bergen (57 %) og 294 busett i Austrheim (16 %). Resten var stort sett busett i andre kommunar i Nordhordland, bergensområdet, samt ein del sør i Sogn og Fjordane. Blant dei 405 som har svart på undersøkinga bur 74 % i Bergen og 10 % i Austrheim. Dermed har vi også blant innpendlarane ein stor overrepresentasjon av bergenserar, og følgeleg underrepresentasjon av pendlarar frå Austrheim og andre kommunar.⁵ Vi korrigerer ikkje for dette, men det er viktig å vere klar over.

Kjønn

Blant innpendlarane ble undersøkinga sendt til 764 kvinner og 1 027 menn. Vi har derimot fått svar frå 226 kvinner og 179 menn, som gir ein responsrate på høvesvis 30 % og 17 %. Med andre ord har kvinnelege innpendlarar langt høgare responsrate enn menn og dermed er kvinner overrepresentert i svara frå innpendlarane.

⁵ Vi viser ikkje dette grafisk sidan det er såpass få respondentar frå dei fleste kommunar at vi av anonymitetsomsyn ikkje rapporterer for andre enkeltkommunar enn Bergen og Austrheim.

Arbeidskommune

Frå registerstudien veit vi at 2 590 innpendlarar jobbar i Alver-kommunane (ikkje medrekna internpendlarane). 70 % av desse jobbar i Lindås, 22 % i Meland og 8 % i Radøy.


I vårt nettoutval jobbar 65 % i Lindås, 29 % i Meland og 9 % i Radøy (sjå Figur 18). Det er altså ein liten overrepresentasjon av innpendlarar til Meland og underrepresentasjon av innpendlarar til Lindås.

UTDANNINGSNIVÅET TIL PENDLARANE

Høgare utdanning med lågare grad⁶ er det utdanningsnivået som høgast del både ut- og innpendlarar har. Blant utpendlarane er det imidlertid nesten like mange som har vidaregåande skule med yrkesfag, medan det blant innpendlarane er nesten ein tredel som har lang høgare utdanning⁷. Det er også ein femdel av innpendlarane som har yrkesfagleg vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå (sjå Figur 19).

I sum betyr det at innpendlarane har ein høgare del med høgare utdanning enn tilsvarande hos utpendlarane, som har høgare del med yrkesfagleg utdanning (vidaregåande og fagskule). Samstundes kan vi ikkje vete sikkert om dette reflekterer utdanningsnivået til alle inn- og utpendlarar eller om det har samanheng med at sannsynet for å svare på undersøkingar ofte heng saman med utdanningsnivå. Spesielt for innpendlarane, kor vi veit at innpendlarar frå Bergen (som har høgare utdanningsnivå i befolkninga enn fylket elles) er overrepresentert, samstundes som det er relativt få respondentar, er det usikkert i kva grad utdanningsnivået i *nettoutvalet* speglar populasjonen.


I tala for utpendlarar er også *internpendlarane* i Alver inkludert. Det kan tenkjast at dette bidreg til den høge delen med yrkesfagleg bakgrunn sidan næringslivet i dei tre kommunane mellom anna er mykje industri, bygg og anlegg og ikkje minst olje- og gassrelatert verksemd på Mongstad med relatert leverandørindustri i alle tre kommunane. Vi har derfor også sett på utdanningsnivået til utpendlarar utan *internpendlarane*, men det viser seg at skilnadane er små. Delen med kortare høgare utdanning går litt ned, medan delen med lengre høgare utdanning går tilsvarande opp. På same vis er det litt høgare del med fagskuleutdanning og litt lågare del med yrkesfagleg VGS. Det er likevel bare snakk om eitt eller to prosentpoeng frå eller til, så i sum skil ikkje internpendlarane seg nemneverdig frå dei andre utpendlarane frå Alver.



Figur 18: Arbeidskommune for brutto- og nettoutvalet - innpendlarar

⁶ Bachelorgrad eller tilsvarande, til og med fire år

⁷ Mastergrad/tilsvarande eller høgare, 5 år eller meir.




Figur 19: Høgaste fullførte utdanning i nettoutvalet - utpendlarar og innpendlarar

KVA NÆRINGAR JOBBAR PENDLARANE INNAN

Det er relativt høgt samsvar mellom fordelinga av utpendlarar i nettoutvalet etter næringar og tilsvarande i populasjonen i registerstudien. Det jobbar flest respondentar i næringar vi veit er store blant utpendlarane frå Alver (sjå Figur 20). Samstundes er det nokre næringar kor vi finn ein markant skilnad. Det er mellom anna 4 prosentpoeng færre respondentar som jobbar innan varehandel og bilverkstadar samanlikna med tala frå registerstudien, samstundes som det er 3 prosentpoeng *fleire* respondentar som jobbar innan undervisning. Det kan ha samanheng med det vi nemnte over, nemlig at sannsynet for å svare heng saman med mellom anna utdanningsnivå. Samstundes er ikkje skilnadane veldig store.

Innpendlarane i *nettoutvalet* skil seg i større grad frå populasjonen når vi ser på enkelt næringer. Størst er skilnaden for dei som jobbar innan undervisning: 23 % av innpendlarane i *nettoutvalet* jobbar her, mot 10 % i populasjonen. Vi har altså nesten 1,5 gangar så mange innpendlarar til undervisningssektoren enn det vi fann i registerstudien. Dette kompenserast med at det er eitt eller to prosentpoeng færre respondentar frå mange andre, mindre næringar. Det er også 5 prosentpoeng fleire som jobbar innan helse og sosial blant respondentane enn i registerstudien, medan det tilsvarande er 5 prosentpoeng færre respondentar innan forretningsmessig tenesteyting. Igjen kan dette ha samanheng med sannsynet for å svare på undersøkingar, samt at det er relativt låg responsrate blant innpendlarane, slik at det er større sjanse for skeivheit mellom populasjonen og *nettoutvalet*.



Figur 20: Næring for nettoutvalet - ut- og innpendlarar

Samstundes må det understrekast at metodikken her er forskjellig: medan registerstudien er basert på registrerte arbeidsforhold, er svara i spørjeundersøkinga basert på sjølvrapportering av hovudarbeidsforhold. I registerstudien behandla vi alle arbeidsforhold likt (sjå note 2 om vekting over), medan vi i spørjeundersøkinga altså ba respondentane svare på kva deira hovudarbeidsforhold er. Det kan også vere at enkelte respondentar oppfatta at dei jobbar i ei anna næring enn den arbeidsgjevaren er registrert med i Føretaksregisteret. Desse faktorane forklarar neppe heile differansen mellom *nettoutvalet* og *populasjonen*, men det kan vere ein del av forklaringa.


4: Figurvedlegg

Det er ikkje alle spørsmål og figurar som er omtalt i rapporten. Her følger nokre som ikkje har fått plass.




Figur 21: Hovudaktivitet utpendlarar (nettoutval før kontrollspørsmål)

Merk at berre dei yrkesaktive fekk resten av undersøkinga.




Figur 23: Bruk av heimekontor




Figur 22: Pendlar respondenten?

Merk at berre dei som jobbar i ein anna kommune enn der dei bur fekk resten av undersøkinga.




Figur 24: Kombinere arbeidsreisa med andre gjeremål




Figur 25: Del av utpendlarar som oppgir større fagmiljø som motivasjon, dei fem næringane med høgast del (berre næringar >=50 respondentar)



Figur 27: Del av utpendlarar som oppgir betre lønn som motivasjon, dei fem næringane med høgast del (berre næringar >=50 respondentar)



Figur 26: Del av utpendlarar som oppgir meir spennande/fagleg utfordrande jobbar som motivasjon, dei fem næringane med høgast del (berre næringar >=50 respondentar)



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit